
Fra: Arne Helgesen
Sendt: mandag 12. oktober 2020 12:24
Til: Anne Lise Molvik
Emne: SV: Ber om uttale - gbnr 99/27 Våge

Uttale til forhold oppføring av service- og restaurantbygg på gbnr 99/27 i nedslagsfeltet industrivatn, H_190. Avløp frå denne etableringa vil gå via reinseanlegg til sjø.

Vurdering: I forhold til etablering i nedslagsfelt industrivatn er dette greitt

Arne Helgesen | Avdelingsleiar Eigedomsforvaltning

Telefon: 959 45 434 / 56 37 56 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Anne Lise Molvik <anne.lise.molvik@alver.kommune.no>
Sendt: onsdag 30. september 2020 13:07
Til: Arne Helgesen <arne.helgesen@alver.kommune.no>
Emne: Ber om uttale - gbnr 99/27 Våge
Viktighet: Høy

Til Samferdsel, veg og VA forvaltning v/ Helgesen

Eg viser til samtale om saka i dag.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om rammeløyve og dispensasjon frå plankravet for ny oppføring av service- og restaurantbygg på gbnr 99/27. Det nye bygget skal innehalda servicetilbod til hotellgjestane og vil innehalda resepsjonsområde, kjøkken/spiseområde, kontorfasilitetar, konferanserom, wc/dusj og teknisk rom. Bygningen får ei tilnærma lik grunnflate og utforming som bygningen som brann. Eksisterande brakkemodular som står på eigedomen i dag skal inngå i det nye bygget. Det er opplyst at bygget får eit bruksareal på ca. 440 m2.

Kart



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin arealdel er definert som byggeområde for næring.

Tiltaket ligg også innanfor sikringssona knytt til nedslagsfelt industrivatn, H_190.

Utval for areal, plan og miljø gav i møte 02.09.2020 dispensasjon frå plankravet for omsøkte tiltak.

Vatn og avløp

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

Eigedomen er tilknytt kommunalt vassverk og har privat avløpsløyseing der utsleppet vert reinsa i minireinseanlegg før det vert ført til sjø.

Det er gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 02.08.2016 i sak 15/3781 for inntil 70 pe.

Det er gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vassverk den 17.03.2020 i sak 15/3781.

Uttale

Vi ber om uttale då tiltaket ligg innanfor nedslagsfeltet industrivatn, H_190.

For opplysningar elles viser vi til arkivsak 20/13025.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar på byggesak

Telefon: 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE